

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - A30, TI - &00	17/600

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
30/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017
28/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Vedtekter for Meland kulturskule - revidering

### Vedlegg:

Vedtekter frå 1. januar 2011

Vedtekter frå 1. mars 2015

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kulturskule har behov for mindre endringar i vedtektene, sist gjeldande frå 1. mars 2015. Først og fremst gjeld dette å kunne gi familiar med låg inntekt høve til å søkje om redusert eigenbetaling. Vidare legg ein opp til å avslutte undervisingsåret ei veke tidlegare før sommaren, samt mindre justeringar til faktiske forhold.

#### Vurdering

Vedtektene vart lagt om til 2011, og revidert i februar 2015 grunna innføring av nytt administrasjonssystem. Endringane som vart gjord den gong dreidde seg om punkt 1, 4 og 23.

#### Følgjande punkt vert lagt fram til revidering i denne saka:

Gjeld punkt 7: Retting av namn frå Kommunalavdeling for kultur og oppvekst til Tenesteområde kultur

Gjeld punkt 13: Endring av aldersgrense for dans frå 4 til 3 år. *Grunnkurs* har skifta namn til *Kultursirkel* og *Musikk frå første stund* er gått ut.

Gjeld punkt 17: Endring til faktiske forhold gjeldande fakturering av eigenbetaling.

Gjeld punkt 21: Kulturskulen opplever somme gongar høve for å kunne tilby redusert eigenbetaling. Ein legg her opp til å følgje grensene for gratis kjernetid i barnehagar, som frå 1.1.2017 gjeld hushald med samla bruttoinntekt som er lågare enn kr 417 000. Reduksjonen vil verte gitt mot søknad, og eigenbetalinga er lagt opp til å ligge på 50% av normal sats, som i 2017 er kr 1750 per semester. Ein har vurdert grensa for redusert foreldrebetaling i barnehagar, kr 500 500, som å vere for belastande for kulturskulen sin økonomi. Tiltaket vil med det ikkje vere av ein meir generell karakter, men heller

gi kulturskolen hjelpemiddel til å nå dei barna som har minst.

Gjeld punkt 23: Siste veka før sommaren er det stort fråvere grunna andre avslutningsarrangement for same aldersgruppe. Siste veka før jul vart omdisponert ved revideringa i 2015 med same grunngeving. Kulturskolen ønskjer på tilsvarande vis å kunne nytte denne personalressursen til konsertar, framsyninga, møteverksemd, personalmøte, kompetanseheving og fellesmøte.

### **Folkehelse**

Redusert eigenbetaling vil kunne vere eit bidrag til at barn og unge, som elles ikkje alltid har høve til å delta grunna økonomi, kan ta del i kulturskuleundervisinga.

### **Miljø**

Ikkje vurdert i saka

### **Økonomi**

Redusert eigenbetaling vil påverke kulturskolen sin økonomi, men er vurdert til å kunne dekkast inn på det nivået ein her legg opp til. Inntekta vil per 2017-nivå verte redusert med kr 1 750 per elev som får godkjend redusert eigenbetaling, per skuleår.

### **Konklusjon**

Punkt 7, 13, 17, 21 og 23 vert endra til følgjande tekst, med endringane i kursiv:

7. Søkjaren har klagerett på opptaket, klagefristen er tre veker etter avslaget. Klagen sendast Meland kommune, ***tenesteområde kultur***.

13. Kulturskolen har ulike aldersgrense for ulike disiplinær:

<b>Dans</b>	<b>3 år</b>
Songgruppe	1. klasse
Song, einskildtimar	4. klasse
Piano/keyboard	2. klasse
Slagverk	2. klasse
Gitar	2. klasse
Band	5. klasse
Teater	1. klasse
Visuell kunst	1. klasse
<b>Kultursirkel</b>	<b>1. klasse</b>

17. Elevavgifta ***vert fakturert om lag midt i kvart semester*** (haust- og vårsemester).

21: ***Hushald med inntekt lågare enn kr 417 000 brutto per år kan søkje kommunen om redusert eigenbetaling, til 50% av gjeldande sats, for barn opp til 16 år med plass i kulturskolen. Med søknaden må det følgje inntektsopplysingar. Fristar er 1. mai og 1. november. Som hovudregel gjeld søknaden ut skuleåret. Inntektsgrensa kan endrast som følgje av politisk vedtak i samband med budsjettarbeidet.***

23. Kulturskolen følgjer same skulerute som grunnskolen i Meland kommune, med unnatak av siste veka før juleferien ***og sommarferien***, då det ikkje er ordinær kulturskuleundervising.

**Framlegg til vedtak:**

«Vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 7, 13, 17, 21 og 23 slik det går fram av saka. Dei andre punkta vert ståande som i vedtektene frå 2015.»

**Utval for levekår - 30/2017****ULK - behandling:****ULK - vedtak:**

«Vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 7, 13, 17, 21 og 23 slik det går fram av saka. Dei andre punkta vert ståande som i vedtektene frå 2015.»